

## Kap. 4.12 Instruks – Utleige med og utan overnatting

### INSTRUKS VED BRANN

- Varsle alle i bygningen ved å løyse ut brannmeldarar.
- Ta ikkje med bagasje ved rømming.
- **Varsle brannvesenet over telefon – 110**
- Etter evakuering går alle til tilvist samlingsplass og blir der til nødvendig registrering er gjort.

### Utleigar sitt ansvar

Utleigar har ansvaret for at krava i dette avsnittet blir oppfylt.

- Alle avvik/manglar påpekt i rapportar frå branntilsyn og anna korrespondanse frå brannvesenet skal vere retta.
- Utleigar skal dele ut denne instruksen til leidgetakar, til leiarane for gruppene som overnattar, samt til nattevakter.
- Utleigar skal vise leidgetakar rundt og gjere denne kjent med rømmingsvegar, samlingsplass, rutinar for varsling og handtering av utstyr for brannsløkking.
- **Ved overnatting:**
  - Alle rømmingsvegar frå overnattingsrom til det fri skal være ryddige og oversiktlege. Dører i rømmingsvegar skal slå ut og vere lett å opne og ha panikkbeslag eller innvendig vrider. Lyset i rømmingsvegar (korridorar) skal være tent.
  - Utleigar/brannvernansvarleg skal, i samarbeid med eigar sin representant (brannvernleiar), gjennomføre ein risikovurdering der branngryggleiken i aktuelle rom for overnattning blir vurdert. Risikovurderinga skal vere dokumentert skriftleg og ein kan nytte Kap. 3.1 Risikovurdering og handlingsplan til dette. Eksemplar på moment til risikovurderinga:
    - Er det brannvarslar i overnattingsromma?
    - I kva for etasje ligg dei aktuelle romma? Med tanke på tryggleiken, er det forsvarleg å overnatte høgare oppe enn 1.etg?
    - Er det god tilkomst og nærliek til brannmeldarar, rømmingsvegar og slukkeutstyr?
    - Kor mange personer skal ein tillate ved overnatting i dei aktuelle romma?
  - Utleigar skal informere eigar (brannvernleiar og områdeleiar) om utleige med overnatting.
  - Nattevaka skal ha telefon der det er tydeleg oppslag med alamnummer til brannvesen, politi og legevakt.
- Det lokale brannvesen skal ha beskjed minst 4 veker før skulen/lokala skal nyttast til store arrangement og overnatting. Kontakt det lokale brannvesen for rutine for melding. Meldeskjema «Kap. 4.13 Instruks - Melding til brannvesenet ved store arrangement og overnatting» kan nyttast viss det ikkje finst andre rutinar.


### Leidgetakar sitt ansvar

Leidgetakar har ansvaret for at krava i dette avsnittet blir oppfylt.


- Leidgetakar skal peike ut ein brannansvarleg, evt. fleire brannansvarlege ut frå størrelsen på arrangementet. Brannansvarleg har dette ansvaret:
  - Holde alle rømmingsvegar opne i leigeperioden.
  - Varsle alle i bygningen ved å løyse ut brannmeldarane.

- Hjelpe alle med å komme seg ut. Ved overnatting: Sjå til at alle forlét soveromma.
- Søke gjennom toalett og andre birom viss det er mogleg. Lukk dører og vindauge viss det er mogleg.
- Møte brannvesenet og orienter dei om mogleg brannstad og kor det er folk inne i bygget.
- Registrering på samlingsplass.
- All røyking og all bruk av varme, og bruk av gass til matlaging o.l. er forbode.
- Ved overnatting:
  - Leigetakar skal utarbeide oversiktslister over kva rom som er i bruk til overnatting og kor mange som overnattar i kvart rom.
  - Leigetakar skal utarbeide namnelister for kvart rom. Kopi skal henge døra til overnatningsrommet.
  - Alle som overnattar skal vere gjort kjent med den lokale branninstruksen, rømmingsvegar, samlingsplass og kva ein brannalarm inneber.
  - Det skal vere vaken nattevakt på staden så lenge det er personer som sov i bygningen.
  - Nattevaktene skal vere vaksne personer og dei skal vere utstyrt med lommelykt og mobiltelefon. Nattevakter i forskjellige bygninger eller etasjar skal ha samband på mobiltelefon eller på anna henstasmessig måte. Dei skal kjenne nødnummer til brannvesen, politi og ambulanse, samt til representant for utleigar.
  - Nattevaktene skal vere kjent med rømmingsveger, rutinar for varsling, sløkkeutstyr, samlingsplass, samt ha oversikt over alle rom som er i bruk til overnatting.
  - Nattevaktene skal kvar time patruljere i dei delar av bygningen som er i bruk til overnatting, samt spesielt sjå til at forbodet mot røyking vert overholdt. Nattevaka skal vise bort framande.

Dato/stad

  
Torbjørn Todal  
Hordaland fylkeskommune  
v/rektor/utleigar

Dato/stad

  
Leigetakar